

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger



Att: Anne Silje Sylvarnes.

Aurland 17. juli 2019.

Klage på vedtak - infrastrukturmidlar reiseliv 2019.

Syner til vår søknad dagsett 14. januar d.å. om midlar over tilskotsordninga til nærings- og samfunnsutvikling til delfinansiering av prosjektet "Stien som ferdselsåre gjennom natur – og kulturarven – fase II» samt Fylkesdirektøren for næring og kultur sitt vedtak dagsett 8. april s.å. som konkluderte med fylgjande:

"Nærøyfjorden Verdsarvpark får avslag på søknaden om tilskot til stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven, fase 2»."

Melding om vedtak vart motteke via ALTINN 10. april. Vi mottok pr. e-post 30. april aksept for utsett frist for oversending av klage.

Verdsarvparken fremja så i skriv dagsett 3. mai d.å. klage over både handsaming og vedtak. SFfk melde i skriv av 3. juli at det ikkje var høve til å klage på handsaminga av søknaden og avviste med det klagen. I nemnde skriv vart det ikkje vurdert/ teke stilling til sjølve innhaldet i klagen vår men vi fekk tilbod om å fremje ein ny klage innan 1. august d.å.

Nærøyfjorden Verdsarvpark klagar med dette igjen over vedtak i sak 19/79-89 med grunnlag i fylgjande:

Søknaden vart sendt 14. januar i år. SFfk opplyser munnleg at endeleg avgjerd på klagen no er venta å ligge føre fyrst etter Fylkesutvalet si handsaming den 28. august. Vi må med andre ord vente vel 7,5mnd. før vi får avklart kva midlar vi har til rådvelde til gjennomføringa av tiltak i Aurlandsdalen. Lang handsamingstid fører i dette høvet til at vi realiteten og står i fare for å misse ein feltsesong. Dette i seg sjølv er langt på veg uakseptabelt.

Søknaden er handsama i høve til ei anna tilskotsordning enn omsøkt. Dette trass i at ein liknande søknad frå oss i både 2017 og 2018 til same satsing og prosjektområde men andre tiltak vart handsama positivt etter tilskotsordninga til nærings- og samfunnsutvikling. Vi noterer at SFfk har kome til at søknaden vår i 2019 passar betre under tilskotsordninga til infrastruktur i reiselivsordninga. Vi stiller oss framleis sterkt kritisk til endringa og at dette vart gjort utan nærare grunngeving/ orientering til søkjar.

Aurlandsdalen er, for å nytte ein omtale av eit anna dramatisk dalføre i fylket, fager og fårleg. Det siste er no seinast blitt særst tydeleg gjennom fleire akutte hendingar i dalen -sjå t.d. vedlagt oppslag i Sogn Avis 30.04.19.



Dalen sin verdi for lokal og regional brei verdiskaping er mykje omtalt og kjent. Sagt det er det og utan tvil ein krevjande dal å skjøtte. Det vert rett nok lagt ned ein formidabel innsats frå mange aktørar og frivilljuge. Gjennom delprosjektet «Nye Aurlandsdalen» i regi av Verdsarvparken vert det arbeidd målretta for endå betre samordning og effekt av innsatsen og ressursane i Aurlandsdalen. Røynslene etter snart 3-år er gode; noko som m.a vert meldt frå både Venner av Aurlandsdalen og gjester i dalen.

Trass stor frivilljug innsats krev arbeidet med å ivareta og utvikle dalen store økonomiske ressursar. Desse midlane må hentast inn frå ein stad; dette i seg sjølv er ein utfordrande og krevjande jobb. Korvidt dette nærast berre skal vere eit off. ansvar har vore og blir jamnleg drøfta i ulike samanhengar. Etablering av ulike fond for «brukarbetaling», bidrag frå næringsverksemdar og oppretting av eit fond for fellesgodefinansiering er til vurdering og utgreiing. Det siste er no rigga som eit eige prosjekt i regi av Visit Sognefjord og Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.


Fram til desse alternativa er operative vil vi framleis vere avhengig av off. midlar frå fleire kjelder for å kunne føre ord og planar til handling.

Miljødirektoratet har gjeve tilsegn om sin del av finansieringsplanen. Dersom Fylkesdirektøren held fast på sitt avslag om midlar til ei satsing som i same andedrag vert halde fram som viktig og føremålstenleg vil dette kunne få særskild dramatiske fylgjer for vidareføring av samarbeidet kring ivaretakinga og utviklinga av Aurlandsdalen.

Frå Verdsarvparken sin ståstad er det difor eit sterk oppmoding om at Sogn og Fjordane fylkeskommune finn ei løysing på dette, uavhengig av tilskotsordning.

Det som er nemnt over tilseier at det er grunnlag for å imøtekome vår søknad om midlar til delfinansiering av prosjektet «Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven; fase 2» og vi ventar difor at vedtaket av 8. april vert endra i samsvar med dette.

Med venleg helsing



Erling Oppheim
Dagleg leiar

Kopi:

- Snædis L. Bjarnadottir, NVP.
- Bengt Erlend Skjerdal, NVP.

Vedlegg:

- Kopi av oppslag Sogn Avis 30.04.19.